




Høyanger kommune

Sentraladministrasjon

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO



Saksnr.
11/1110

Dok-ID
11/5206

Arkivkode
232

Sakshandsamar
ARV

Dato:
04.07.2011

Eigedomsskatt på kraftverk

Finansdepartementet har varsla endringar i maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatt på kraftverk, jfr. eigedomsskattelova (eskl) § 8 fjerde ledd. Høyringa blei varsla i Statsbudsjettet 2011, og gjennom eige høyringsnotat datert 15. april 2011. Frist for avgje høyringsuttale er sett til 15. juli 2011.

Høyanger kommune si handsaming av saka

Den 14.06.2011 fatta kommunestyret i Høyanger følgjande samrøystes vedtak:

1. *Kommunestyret i Høyanger kommune krev at reglane om minimums – og maksimumsverdiar i eigedomsskattelova § 8 fjerde ledd vert fjerna.*
2. *Kommunestyret i Høyanger kommune krev og at berekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta vert gjort meir stabil og langsiktig.*

Bakgrunn for Høyanger kommune sitt vedtak

Høyanger kommune har i alle år vore positiv til vasskraft utbygging, og har lagt til grunn frie inntekter som vertskommune. Kommunen registrerer at slike inntekter til distriktskommunane stadig blir negativt omtala. Ein registrerer at staten, eigarkommunane og kraftverka stadig får større andelar av verdiskapinga, medan kommunane der verdiskapinga faktisk skjer får mindre. På denne bakgrunn, og utifrå faktisk forståing av kva innretning eigedomsskattelova eigentleg skulle ha, sluttar **Høyanger kommune** seg til den framstillinga som er utført av (LVK) som interesseorganisasjon.

Eigedomsskatt på vasskraftanlegg er ei av dei viktigaste frie inntektskjeldene for dei fleste distriktskommunane. Dette er kommunar som tidleg stilte til disposisjon sine naturressursar (vasskrafta) til industrireising og nasjonal utbygging av landet. Distriktskommunane har også lojalt følgd ulike Regjeringar sine tilrådingar om å utnytte eige inntektsgrunnlag ved å innføre eigedomsskatt.

Ved sida av dei viktige økonomiske sidene saka reiser, så er det og prinsipielle skattepolitiske spørsmål.

Postadr.:
Postboks 159
6991 Høyanger

Besøksadr.:
Aug. Gunnarskogsgt. 1
6993 Høyanger

Telefon:
57 71 15 00

Bankgiro:
3720 12 79764
Org.nr. 944439838

E post:
postmottak@hoyanger.kommune.no
www.hoyanger.kommune.no

Saka har i tillegg fleire politiske element i seg. Dette gjeld fordeling/omfordeling av avkastinga av vassressursane mellom staten, eigarkommunane, vertskommunane og kraftselskapa.

Høyanger kommune meiner i tillegg at fleire av konklusjonane i høyringsdokumentet om verknadane av ei omlegging, er feil og lite dekkande for dei faktiske tilhøva. Det er etter **Høyanger kommune** sitt syn viktig at ei sak som vedkjem vesentlege skatteinntekter til over 200 kommunar er forankra i breie skatterettslege omsyn. Skattesystemet må heller ikkje undergrave eit skattesystem som har omsetningsverdien som utgangspunkt. Skattesystemet for eigedomsskatt framstår no dessverre som eit avgiftssystem på sida av skattesystemet som gjeld øvrige objekt innan utskriving av eigedomsskatt.

Høyanger kommune vil og peike på den politiske dimensjonen der vertskommunane som har ulempene, no taper i forhold til fordeling mellom stat og eigarkommune.

Til slutt vil **Høyanger kommune** peike på at den reelle verdien på kraftverk i dag ligg langt over det makstaket som er sett på 2,35 pr. kWh. I følge utrekningar som m.a. LVK har gjort, tyder det på at verdien i staden for 2,35 pr. kWh er nærare kr. 4,- pr. kWh. **Høyanger kommune** ser ingen grunnar for at ein ikkje skal legge til grunn reel verdi på kraftverka.

Kapitaliseringsrenta

Kapitaliseringsrenta som vert nytta ved verdisetting av kraftverk etter skattelova sin § 18-5 niande ledd, er den rentesatsen som vert brukt for å finne noverdien av eit kraftanlegg si framtidige inntekt. Kapitaliseringsrenta vert fastsett etter Forskrift til utfylling og gjennomføring mv av skatteloven av 26. mars 1999 nr. 14 (FSFIN) § 18-8-4 (Forskrift 1158). Fastsettinga av rentenivået er i dag i hovudsak avgjerande for om kraftanlegget kjem over eller under maksimumsverdien. Etter departementet sine opplysningar er situasjonen i dag at berre for 8 % av kraftanlegga inngår kapitaliseringsrenta i berekningsgrunnlaget. Dei resterande anlegga vert skattlagt etter minimums- og maksimumsgrense.

Målsetninga for fastsetting av grunnlaget for ei kapitaliseringsrente er i størst mogleg grad å treffe observerte marknadsverdiar ved omsetting av kraftproduksjonsanlegg. **Høyanger kommune** er opptatt av å finne prinsipielle og robuste løysingar, og er einig med Energi Noreg i at dagens berekningsgrunnlag for kapitaliseringsrenta fører til for store og kortsiktige svingingar, sammenholdt med variasjonane i reelle marknadsverdiar. Dette medfører at berekna marknadsverdi for vasskraftverk kan svinge meir frå år til år enn svingingane i dei reelle marknadsverdiane gjer.


Departementet seier i høyringsnotatet at ein "[...] vil vurdere å foreslå en økning av risikotillegget i kapitaliseringsrenten." Etter Høyanger kommune si oppfatning vil ikkje endringar i *risikotillegget* i kapitaliseringsrenta avbøte dei kortsiktige svingingar i kapitaliseringsrenta, eller føre til ein meir "*treffande*" kapitaliseringsrente for så vidt gjeld å gjenspegle dei reelle marknadsverdiar. Ein auke av risikotillegget aleine, utan å endre berekningsgrunnlaget for den risikofrie realrenta, vil berre føre til en *høgare* kapitaliseringsrente – ikkje ei *langsiktig* rente. Ei slik endring vil med andre ord ha like store svingingar som dagens rente, og bidrar ikkje til ei nøytral, langsiktig og stabil rente.

For å finne ei nøytral, langsiktig og stabil rente, må grunnlaget for den *normrentan*, dvs den risikofrie realrenta endrast. **Høyanger kommune** tilrår at berekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta vert endra frå 12 mnd statkasseveksler til Finansdepartementets generelle retningslinjer i samfunnsøkonomiske analyser av 2005, kor risikofri realrente på 2 % vert nytta for kalkulasjonsrenteformål. Dette er i tråd med professor Bjarne Jensen sine

vurderinger.17 Ei omlegging av berekningsgrunnlaget av den risikofrie renta, vil bidra til eit robust og prinsipielt berekningssystem, uavhengig av dei svingingane som erfaringsmessig er i periodar. Den risikofrie realrenta bør likevel vere lik for alle prosjekt og verksemdar.

Høyanger kommune kan ikkje sjå at det ligg føre argument som tilseier at den risikofrie renta bør ligge over det nivået som kjem frå Finansdepartementet sine generelle retningslinjer i samfunnsøkonomiske analyser av 2005.

Med helsing



Arve Varden
rådmann

Kopi til:

Landssamanslutninga av
vasskraftkommunar

Postboks 1148 Sentrum

0104

OSLO